



## NY IDRETTSHALL PÅ HAUGEN – NO KJEM VI I GANG!

Gymsalen ved Haugen skule er i så dårleg stand at det snart ikkje er forsvarleg å bruke han. Dette skaper store utfordringar for både skule og idrettslag – og kan i verste fall true skulen si framtid i bygda.

Haugen IL har saman med FAU og bygdeutviklingslaget (HDBUL) sett saman ei prosjektgruppe som arbeider med å realisere ein ny idrettshall for heile bygda!

### Idrettshall

På bygdemøtet 2. juni presenterte arbeidsgruppa skisser og tankar til ein ny idrettshall ved Haugen skule. Eit volleyballanlegg med sosiale rom som kan brukast av både skulen og bygda.

Kvifor er dette viktig?

Ein idrettshall vil:

- Gje elevane ein trygg og funksjonell gymsal
- Sikre heilårs treningstilbod for idrettslaget
- Vere eit samlingspunkt for bygda
- Styrke grunnlaget for å oppretthalde skulen

### Kostnad og finansiering

Hallen er kostnadsrekna til mellom 15 og 20 millionar kroner. Vi kan søke om spelemidlar på om lag 5 millionar, men resten må kome frå næringsliv, stiftingar – og ikkje minst: dugnad og gåver frå bygdefolket.


No treng vi hjelp frå DEG!

Vi treng oversikt over kven som kan bidra – med dugnadstimar eller økonomisk støtte. Alt hjelper! Dersom finansieringa ser ut til å lukkast vil det bli eit nytt folkemøte.

Ta kontakt med Arild Lillebø Opsal (HIL), Solbjørg Haveland (FAU), Trine Meland (HDBUL) om du har spørsmål eller vil bidra på andre måtar.

Sjå neste side.

Skisse av hallen og deler av skulen.





# HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Postboks 137  
6771 Nordfjordeid

<http://haugenil.no>  
[post@haugenil.no](mailto:post@haugenil.no)

Gje tilbakemelding om korleis du vil bidra i form av dugnadsinnsats og/eller pengar på ein av følgjande måtar:

- Send til [post@haugenil.no](mailto:post@haugenil.no)
- Fyll ut skjemaet nedanfor og lever det i postkassa til HDBUL (Haugen og Dalen Bygdeutviklingslag) ved skulen
- Fyll ut skjemaet nedanfor og send det til Haugen IL, postboks 137, 6771 Nordfjordeid

Eg/vi vil bidra med:

- ☐ 20 dugnadstimar
- ☐ 50 dugnadstimar
- ☐ 100 dugnadstimar
- ☐ Anna: \_\_\_\_\_

Eg/vi vil bidra med følgjande sum:

- ☐ 1 000 – 5 000 kr
- ☐ 5 000 - 10 000 kr
- ☐ 10 000 - 30 000 kr
- ☐ 30 000+
- ☐ Anna: \_\_\_\_\_

Dato og underskrift: \_\_\_\_\_

Saman byggjer vi framtida på Haugen.  
Takk for at du er med!